

# **Det betyr noko kven som styrer kommunen vår**



**SV**

[sv.no/bli-medlem](http://sv.no/bli-medlem)

# Vi treng meir omfordeling, ikkje mindre

Fleire og fleire av oss kjenne no på at det blir mindre og mindre i lommeboka, og mange gruer seg til å ta fatt på rekningsbunken.

Stadige renteaukar, dyrare matvarer, leigeprisar som berre aukar og generell prisauke gjer at mange av oss verkeleg kjenner dyrtida på kroppen. Auka kostnader rammar dei som har minst aller mest, men også hushald med vanlege inntekter merkar det godt. I fjar og i år voks matkøane i rekordfart, og det kom akkurat ei nyheit om stor auke i tvangssal av bustader. Det er ikkje ei enkel eller populistisk løysing som fiksar dette. Alt heng saman med alt, og derfor foreslår ikkje SV kutt i egedomsskatt eller andre lettvinde løysingar.

For å møte krisa må vi ha **meir omfordeling**, ikkje mindre. I motsetning til Høgre, som vil prioritere skattekutt til dei som har mest og meiner at skatteflyktninga fortener respekt, vil SV møte dei aukande prisane med meir rettferdig fordeling. Vanlege menneske og folk med lite skal få meir å leve av, og alle skal sikrast ei god velferd.

Det speler ei rolle kven som styrer landet, og det speler ei rolle kven som styrer lokalsamfunnet. Vi skal ta kampen mot forskjellar og fattigdom også her i alle kommunar i landet. **Ei stemme til SV er ei stemme for meir rettferdig fordeling.**

Røyst SV!

Sosialistisk Venstreparti  
Hagegata 22, 0653 Oslo  
21 93 33 00  
post@sv.no  
sv.no

Meld deg inn  
i SV her:



SV